

Rettleiar til utfylling av digital SMIL-søknad

1



Det enkleste er å søke på nettlesaren (google/ explorer/safari eller den du brukar) med desse orda: **SMIL søknad Altinn**
Då kjem du til rett søknads-skjema med ein gong.

2



Trykk *start tjeneste* og logg inn med bankID, kodebrikke eller det du brukar å logge deg inn på Altinn med til vanleg.

3




Har du foretak på garden, vel det. Er du privatperson som skal søke på eigedommen din, bruk deg sjølv.

Skal du søke om rydding og gjerding, men leiger ut beite kan du som grunneigar søke. Då vil vi gjerne ha dokumentasjon på at du leiger ut.


Leiger du beite hjå nokon andre og de er samd om at det skal ryddast/gjerdast vil vi sjå dokumentasjon på at det er greit for grunneigar.

4




Då har du kome inn i sjølve søknaden. Her må du sjekke om opplysningane er rett. Om du ikkje søker produksjonstilskot, må du kanskje legge inn kontonummeret. Det gjer du via link ”Legg inn eller endre kontonummer her”.

Under Målform vel du om du vil at søknaden skal vere på bokmål eller nynorsk. Det målføre du vel her, bestemmer kva målform du får svaret ditt i.



Legg inn kommunenummer og gards- og bruksnummer der du skal gjere tiltak.
Ål sitt kommunenummer er 3043.
Trykk *vis navn på eier* for å sjekke at det er rett eigar.
Søker du på annan persons eigedom legg du inn denne sitt gards- og bruksnummer.



Trykk på pila og vel det som passar best for deg og tiltaket ditt. Om det trengs ytterlegare kommentarar kan du skrive det under.

Trykk på pila, og vel om du søker produksjonstilskot eller ikkje.



Om du svarte nei over må du legge inn org.-nummer til den som leiger hjå deg om du har. Om det gjeld bygning og du ikkje driv garden, treng du ikkje legge inn noko.

Tiltakstype

SMIL-tilskudd kan gis til å gjennomføre konkrete tiltak eller til å planlegge prosjekter.

Jeg søker om tilskudd til å *

Ikke valgt

Det kan gis tilskudd til enkeltstående tiltak eller større fellestiltak som berører flere aktører og/eller eiendommer. For fellestiltak med én søknad skal bare én av deltagerne stå som ansvarlig søker, men med skriftlig samtykke fra de andre deltagerne.

Tiltaket er et *

Ikke valgt

For fellestiltak, hvilke andre aktører og/eller eiendommer er med?

Kommentar til tiltaket

Trykk på pila og vel den som passar best til tiltaket ditt.

Trykk for å vise om prosjektet er eit fellestiltak eller om det er for deg sjølv.

Beskrivelse av tiltaket eller planleggingsprosjektet

SMIL handler om å gjennomføre miljøtiltak utover det som kan forventes ved vanlig jordbruksdrift. I denne delen skal du gjøre rede for tiltaket/planleggingsprosjektet som skal gjennomføres. Dersom du trenger mer plass eller har tegninger/bilder ol. kan du i tillegg laste opp disse under "Vedlegg" i menyen til venstre.

Prosjekttittel skal være et kort beskrivende navn på tiltaket/prosjektet, gjerne navn på objektet eller arealet.

Prosjekttittel *

200 tegn igjen

Kort beskrivelse av hva du ønsker å gjøre (stikkord) *


Utfyllende beskrivelse av hva du ønsker å gjøre. Ta med beskrivelse av området og tilstanden til arealet/bygningen el. hvor tiltaket skal gjennomføres. Beskriv omfang av, og formål med tiltaket, hvordan tiltaket skal utføres (arbeidsmetoder, materialer etc.) og av hvem. *

5000 tegn igjen

Skriv inn tittel på prosjektet, eks: Rydding og gjerding på ....

Skriv inn stikk ord for kva du skal gjere
eks: rydding gjerding

Skriv kva du tenker å gjere. Eks på kva som bør med på ein søknad med rydding og gjerding:
- kor skal det ryddast?
- er det skog i dag, brisk eller gran?
- kor stort areal i tal daa
- korleis tenker du å gjere det? for hånd, skogsbilmaskin, motorsag?



Fyll fyrst ut kva for kostnadar du har med prosjektet. Deretter summerer du og skriv det i kostnadsoverslaget. Til slutt skriv du om det er med eller utan moms. Er prosjektet næring eller brukast til næring skal det vere uten moms.
Gjeld prosjektet restaurering av bygg, gjeld fylgjande reglar: Om bygget brukast til næringsretta verksemd er det utan moms. Om det f.eks er ei badstugu så blir ikkje den nytta til næring lenger, og skal då førast med moms.

Eksempel på kostnadsoverslag

Kostnadsoverslag *

113 950 kroner

Spesifiser kostnader *

Kostnader med planlegging, organisering og gjennomføring av prosjektet kan inngå i kostnadsoverslaget. Dette gjelder blant annet materialkostnader, arbeidskostnader og kostnader med utarbeiding av nødvendige planer.


Nye rader kan settes inn ved bruk av tab eller ved hjelp av tabellikonet.

Type kostnad (aktivitet)	Beløp (kroner)
Nasjonalgjerde (1800 kr/rull x 6 rullar)	10800
Stolp (400 stolp x 42 kr)	16 800
kramper (1 spann x 350 kr/spann)	350
arbeid gjerding (85 kr/m x 600 m)	51000
rydding brisk (100 t x 350 kr/t)	35000

774 tegn igjen


Treng du fleire linjer, trykk på denne

For å få betre plass, dra i denne nedover så utvider du området.



Søknadsbeløpet må stå i samsvar med kostnads-overslaget.
Rydding er 40 %
For eksemplet over ville det stått at søknadsbeløpet er 45 580. Resten vil vere sjølvfinansiert.


Ved restaurering av bygg er det 25 % for dei som søker produksjonstilskot og 10 % for dei som ikkje søker.
Søker du også kulturminne-fondet, må det kome fram her.



Når du er ferdig trykk neste

Det kan vere lurt å lagre i blant om du ikkje har all informasjon raskt tilgjengeleg.

5




Last opp kart.
Du må gå inn på ein kartteneste f.eks www.gardskart.nibio.no og tegne inn kor prosjektet skal vere.

Er dette veldig vanskeleg for deg, kan du laste opp eit vedlegg som du får til, og gje beskjed til ÅI kommune så vi kan hjelpe til.

Søknaden blir ikkje sendt om du ikkje legg ved ei fil her.

6



Om det kjem opp nokon punkt her, er det noko du ikkje har svart på. Desse må rettast opp før du sender søknaden inn.

Då er det bare å sende inn søknaden!
Lykke til!